



10/48/2023

Oppstartsnotat

Temaplan for kulturminner i Sør-Fron

1. Bakgrunn for planarbeidet

Sør-Fron kommune har per i dag ikkje nokon gjeldande kulturminneplan.

Kommunen er viktig forvaltar av kulturminne og kulturmiljø. Ein kulturminneplan vil vera eit viktig verktøy mellom anna i samband med tildeling av tilskot, og for å prioritera og sikra kulturminne og kulturmiljø i plan- og byggesaker i kommunen.

Kulturminneplanen for Sør-Fron kommune er forankra i planstrategi for Sør-Fron kommune 2021-2023. Planstrategien slår fast at planen skal ha status som temaplan.

Riksantikvaren ynskjer kulturminnerapportar i kommunane og har i samarbeid med fylkeskommunane ei ordning der dei støttar kulturminneplanar i kommunane økonomisk. Kravet er at det blir laga planar som forpliktar kommunane i høve prioriteringar og bevaring.

Sør-Fron kommune fekk i 2016 tilskot til arbeid med kulturminneplan, saman med Nord-Fron og Ringebu kommunar. Arbeidet vart sett i gang, og Gudbrandsdalsmusea vart hyra til å gjere planen, som skulle omfatta setermiljø og utvalde kulturminne i utmark.


Hausten 2018 vart ferdig rapport levert frå Gudbrandsdalsmusea, men Nord-Fron og Ringebu kommunar ønskte ikkje å ferdigstille arbeidet med planen med bakgrunn i det som var levert frå Gudbrandsdalsmusea. Sør-Fron kommune gjekk da vidare aleine med plan om å få ferdig kulturminneplan for setermiljø og utvalde kulturminne i utmark for Sør-Fron kommune. På grunn av ressursmessige årsaker har ikkje kommunen vore i stand til å slutføre arbeidet før nå.

2. Formålet med planen

Kulturminne er ei viktig kjelde til kunnskap om vår fortid og historie. Sør-Fron kommune har ein stor og rik kulturarv med kulturminne med både lokal, regional og nasjonal kulturminneverdi. Føremålet med kulturmiljøplanen er å styrka kulturminnevernet i kommunen, og sikra og gjera kjende dei viktigaste kulturminneverdiane.

Målsetjingane med planen er:

- At den skal brukast i den kommunale forvaltninga i arbeid med arealplanar, reguleringsplanar, formidlingstiltak og anna
- Å auke kunnskapen og forståinga av kulturminna i kommunen
- Gje grunnlag for formidling og synleggjing av utvalde kulturminne og -miljø.



3. Føringer for planarbeidet

Internasjonale føringer

- Europa-rådets rammekonvensjon om kulturarvens verdi for samfunnet (FARO-konvensjonen)
- Den europeiske landskapskonvensjonen
- FNs bærekraftsmål (Agenda 2030)

Nasjonale og regionale føringer:

- Kulturstrategi for Innlandet 2022-2026
- Meld. St. 16 (2019–2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, berekraft og mangfald
- Plan- og bygningsloven
- Kulturminnelova
- Kulturlova
- KULA – kulturlandskap av nasjonal interesse

Kommunale planar:

- Planstrategi for Sør-Fron kommune 2020-2023
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2035

4. Tema og avgrensing av innhald

Det er ein ambisjon at Sør-Fron kommune skal ha ein kulturminneplan som omfattar heile kommunen og alle tidsepokar. Fyrste del av planen skal ta utgangspunkt i Gudbrandsdalsmusea sin rapport (med førearbeid) frå 2018, der tema er Setermiljø og kulturminne i utmark.

Kulturmiljøplanen er avgrensa til faste, fysiske kulturminne og. Immaterielle kulturminne som til dømes handverkstradisjonar, dialekt, stadnamn, mattradisjonar mm. vert ikkje handsama i denne planen.

Fyrste del av kulturminneplan for Sør-Fron kommune får følgjande delar:

1. Innleiing:

Denne delen vil mellom anna ha ein gjennomgang av planprosessen kva planen gjeld, definisjonar, korleis og kvifor me vernar, grunnlagsmateriale for planen og tilhøve til andre planar. Problemstillingar knytt til arealpress, berekraft og klimaendringar vil også verta drøfta.

2. Temadel:

Utvalde seterlandskap

3. Prioriterte kulturminne- og miljø:

Denne delen vil innehalda ei liste over dei kulturminna og -miljøa i kommunen som er vurderte til å ha høg verneverdi og som bør bevarast. Dei viktigaste kulturmiljøa vert



foreslått som omsynssone for kulturmiljø (H570) i kommuneplanen sin arealdel. Kulturminne og -miljø kan også sikrast i kommuneplanen sin arealdel gjennom føresegner til arealformål, jf pbl §§ 11-10 og 11-11 eller generelle føresegner, jf pbl § 11-9.

4. Strategiar og tiltak:

Denne delen peikar ut strategiar for korleis Sør-Fron kommune skal jobba med kulturmiljø og kulturminne og foreslår konkrete tiltak som skal gjennomførast. Strategiane og tiltaka følgjer opp strategiar frå kommunen sin samfunnsdel.

5. Temakart:

Denne delen av planen vil vera eit digitalt temakart der alle viktige kulturmiljø og -minne skal visast. Det skal gå fram av kartet kva for objekt som er verna eller freda, og kva for kulturminne og -miljø som berre er registrerte.

Dei neste to temadelane vil ta for seg Kommunalt eigde kulturminne og Andre kulturmiljø og kulturminne i Sør-Fron kommune.

5. Planprosess og medverknad

Det er tenesteområde kultur og kommunikasjon som er administrativt ansvarleg for utarbeidinga av planen, og tenesteleiar for kultur og kommunikasjon er prosjektleiar.

Kommunestyret er eigar av planen og skal gjere endeleg vedtak.


I arbeidet skal ein samarbeide med og involvere grunneigarar, næringsdrivande, interessegrupper og enkeltpersonar for å sikre forankring.

6. Økonomi

Sør-Fron kommune fekk i 2023 100.000 kroner i tilskot frå Riksantikvaren for å ferdigstille kulturminneplan for Sør-Fron.

7. Framdrift

- Sommar 2023: Varsel om oppstart
- Tidleg haust 2023: Utarbeide generell del/grunnleggande strategi til politisk vedtak.
- Haust 2023: Medverknad, opne møter og utarbeiding av planforslag
- Vinter 2023: Fyrste gongs behandling av planforslag i kommunestyret
- Februar 2023: Offentleg ettersyn av planforslaget
- Mars 2023: Bearbeiding av planforslaget basert på innspel
- Mai 2023: Endeleg behandling i kommunestyret



10.07.2023

Frist for å kome med innspel til planprosessen ved varsel om oppstart er 21. august 2023.

Innspel kan sendast til Sør-Fron kommune:

E-post: postmottak@sor-fron.kommune.no

eller

post til Sør-Fron kommune, Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron

Kontaktperson for arbeidet:

Tenesteleiar for kultur og kommunikasjon, Bjørn K. Sletten

E-post: bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no

Telefon: 974 71 997

